

Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland – 2. gongs høyring

Planforslag for Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland ligg no til 2. gongs høyring med høyringsfrist 10. mai 2023.

Kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal har i fellesskap utarbeidd eit forslag til interkommunal plan for sjøarealet i kommunane, jf. plan og bygningslova (tbl.) §§9-1, 9-2 og 9-3. Det interkommunale planutvalet (IKPU) har fått mynde til å sende planen ut på høyring og offentleg ettersyn. Planen bygger på rammene i planprogrammet som vart vedteke av IKPU juni 2021 og det som var på 1. gongs høyring.

Planområdet omfattar sjøarealet i kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal. Planområdet gjeld berre sjøområda. Det vil seie frå flomålet i elveosar, vassflata, vassøyla ned og sjølve sjøbotn. Avgrensing ut i sjø er 1 nautisk mil utanfor grunnlinja og etter rammene elles i hamne- og farvannslova.

Dette er ein arealplan for sjøarealet over kommunegrensene og skal sikre langsiktige rammer for berekraftig arealbruk, forvaltning og verdiskaping i sjøområda. Planen skal munne ut i ein juridisk bindande plan på kommuneplannivå.

Trykk her for å lese forslaget til arealplan for sjøarealet Region Nordhordland.

[2. gongs høyring og offentleg ettersyn - Planforslag for Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland - Region Nordhordland](#)

Alle innbyggjarar, næringsaktørar, frivillige lag og organisasjonar og offentlege mynde kan sende inn merknad til planforslaget. Det kan gjelde forslaget til arealplan og føresegnehene til arealplanen.

Alle innspel skal merkast - «Høyring Interkommunal plan sjøareal» (emnefeltet i epost) – og sendast til post@regionnordhordland.no

eller som brev til

Region Nordhordland IKS, Kvassnesvegen 23, 5914 Isdalstø